

MÅLSETNINGA MED BRAUTE- STANDARDEN

“Om bord i ein båt skal mange gjere dei rette grepa samstundes. Å segle ein båt er ikkje eit einmannsverk. Frå gammalt har seglteknikken vore eit felles ritual for eit større område. Da var alle på sett og vis samsegla, og ein var ikkje avhengig av sitt personleg opptrena mannskap. Kven som helst kunne i prinsippet gå saman i ein båt og det ville fungere. Dette bør vi ha som mål i dag og. Eg håpar denne gjennomgangen av det mest grunnleggande i segling med større råseglbåtar mellom anna kan bidra til det.”

Vegard Heide

SEGLING

Å segle med vinden er enkelt, å segle på tvers av vinden er kurant, å segle på skrå mot vinden er vanskeleg, å segle rett mot vinden er umogleg.

Når ein seglar rett unna vinden kallar ein det skautvind, lens. Da er det om å gjere at seglet dannar ei størst mogleg flate, vinkelrett på vinden, “sponplateprinsippet”.

Etter kvart som vinden kjem meir og meir inn på skrå bakfra, kallar ein det tollvind eller slør. Og da stiller ein seglet etter “flyvingeprinsippet”. Seglet verkar som ein flyveng eller fugleveng på høgkant: Lufta deler seg ved forliket og skal møtast igjen ved akterliket. Den lufta som har yttersving (framsida av seglet) får lengre veg, og må ha større fart enn den på baksida. Større fart gjev mindre lufttrykk, og da blir det eit sug på framsida av seglet.

Ved å stille seglet meir og meir på skrå, kan ein få til å segle på skrå opp mot vinden, å krysse. Dess meir opp mot vinden ein seglar, dess seinare går det. Det som gir mest vinning opp mot vinden er å styre 50-60 grader fra vinden, *høgste gong*.

Når ein krysser verkar krafta frå seglet meir til sida enn framover. Fordi båten er lang og smal og har ein lang kjøl, går han likevel mest framover, men han skrensar litt sidelengs og. Vi seier at han har *avdrift*..

Avdrifta er 5-10 grader på høgste gong.

For at båten ikkje skal velte av seglpresset må vi ha tyngd i botnen av båten. Slik last som ikkje er nyttelast kallar vi barlast. Vekta av anna last og ikkje minst folk, gjer og nytte, vel å merke dersom dei er plassert til lovart (vindsida). I ein liten båt må folketyngda vera rett plassert: I lovart, og nokolunde midt i båten der han har botn å stø seg på. Legg vinden båten så mykje over at det renn inn sjø, må ein krympe seglet, men det kan godt renne inn 1000 liter vatn i ein fembøring før det blir fare på ferde. Rosser og ujamn vind er det som er farleg, da kan båten velte på nokre sekund, om ein ikkje får ned seglet.

Barlasten skal vera av rund stein. Om ein skulle vere så uheldig å kollsegle, trillar han ut så båten ikkje søkk.

FORDELING AV OPPGÅVER

Dette er den gamle fordelinga som var brukt på fembøringar og storbåtar. Ein treng ikkje å følgje ho slavisk, men det er gjennomprøvd, og er ein van med ho fungerer ho veldig godt i hardt ver.

Hauskar / skottkar, framom seglet/halsen. Utkikk, greier med bolina/penta, held priaren når ein har opp seglet i mykje vind, set bolina, set signatet.

Halskar, ved halsen. Nestkommanderande ombord, har hovudansvaret framme. Hjelper til med å få halsen ned i vendinger. Dersom det er smet er det han som haler og set fast han. Følgjer seglet (held framkanten av seglet mot vinden/ held seglet skjevelt) når det går opp og ned, halser båten.

Framromskar / klober, omkring mastra. Priar, toppseglskaut, ber fram og legg fast halsen i vendinger, når ein ikkje har smatt. Tar oppgåvene til midtromskaren om det berre er 5 ombord.

(Midtromskar), bakom mastra. Raketrossa, toppseglskaut, auser, haler seglet in i båten når ein tar i hop, hjelper til med å vinde segl og hale priar. (Navigerer)

Skautkar, i hammelrommet. Vind (vett)

seglet opp og ned, halar og renner skaut, kan ta roret i vendingar.

Høvedsmann, i hammelrommet. Klarer brasane, roret, hjelper til med skautet.

STANDARDUTTRYKK (KOMMANDOAR) OG MANØVRAR

No vett vi ("Vundo dei opp sine silkesegel").

No heisar vi segl. Vettinga bør gå fort, og seglet skal haldast i skjevel. Den mest kritiske delen av seglinga er før ein har kome skikkeleg under segl og fått fart i båten; da er han ikkje så stødig, og ikkje manøvrerbar.

Høvedsmannen seier til dømes: *sett'n* (halsen) *på fremsten*, og evt. kva for side, om det ikkje er opplagt. Når det er gjort seier han: *kvar med sitt*: no lyt kvar og ein passe nøye på, på sin normale plass.

Så kjem: (*Følg med seglet*,) *no vett vi*. Halskaren står eller sit like bak halsen, tek eit godt tak i framliket og held seglet skjevelt (levande) for å minske vindpresset medan ein vett. Skautkaren og kloberer halar draget og høvedsmannen held seglet skjevelt med brasane. Skottkaren ser til at bolina er grei, og held priaren for at seglet ikkje skal slå for mykje. Med det same seglet er oppe ropar dei: *fast*. Høvedsmannen brasar til fyllings og skottkaren set bolina. Skautkaren dreg inn skautet etterkvart som båten skyt fart. Er det tungt dreg ein priaren og skautet parallelt.

Stagvending (vending mot vinden med seglet oppe).

Dersom det er maksver (makeleg ver) og mannskapet ikkje er oppmerksame, seier høvedsmannen først: *kvar med sitt*. Så er det: *pass på, vi går over* (*Pass på* kan vere nok – viss ikkje noko anna er sagt, så er det stagvending. Likevel så velger vi på Braute å presisere med å seie: *vi går over*, når det er stagvending. Høveds dryger ofte vendiga litt etter *pass på*, og da er det godt å få den presisert om ein skal gå over eller under stag, i det vendinga startar).

Hauskaren tek av signatet og krøker det i på andre sida. Halskaren set i stikka på fremsten. Så legg ein styret (roret) heilt over for å skjere opp i vinden så fort som råd (er det sideror er det gjerne midtirosmannen som tek det i vendinga). Høvedsmannen brasar seglet langskips for å halde farten så langt opp i vinden som råd. Dreiar båten godt, held høvedsmannen råa langskips etter at seglet blar. Er det lite rotasjon i båten kan han ta eit nøkk i luv bras, og brase inn litt bakk (stille seglet meir tverrskips så vinden kjem på framsida av seglet).

Når seglet er godt bakk (vinden inn i seglet forfra) seier høveds: *Gjer fri halsen* (med godt trenna mannskap er dene meldinga ikkje naudsynt). Halskaren løyser halsen, dreg ut seglstikka, og set ho i på andre sida. No heng seglet berre i bolina. Dersom ho blir løyst før ho skal, susar båten attover. Kloberer tek skautet med seg framom vanta og er klar.

Når båten har dreid så mykje at seglet kan stå skjevert til andre sida, ropar høvedsmannen; *la gå*. Han dreier seglet med brasane, men stoppar så det står skjevert, så ikkje vinden får kraft i det.

På *la gå* spring kloberer fram med skautet og legg det om stikka (om ein ikkje er så mange, ber halskaren fram halsen). Skottkaren hjelper til å dra fram med bolina. Med det same seglhalsen kjem fram, hengjer halskaren seg i, og hjelper til med å få han nedåt. Skottkaren heng i bolina for å hjelpe til med å få halsen så langt ned som råd er.

Det er viktig å vera snar. Etter kvart kjem det vind i seglet, og da vert det tungt. Dessutan hjelper dei andre til kvar på sin kant, så det skal bli lettare å få ned halsen, heilt til klobéren roper; *fast*. Da brasar høvedsmannen fullt og skottkaren set bolina. Skautkaren halar skautet heim etterkvart som båten skyt fart.

Vending unna vinden. Kuvending, å vende unna.

Høvedsmannen seier; *pass på, vi går under*.

I ei kuvending er priaren viktig. Framromsmannen passsar han. Ein legg båten unna og stikk etterkvart i skautet,

priaren og bolina.

Når båten nærmar seg rett unna, gjer halskaren fri halsen. Er det godt øvd mannskap ser dei sjølv når det er passeleg, ellers er meldinga: *Gjer fri bolina, Gjer fri halsen*. Høvedsmannen dreier seglet med brasane, klobéren får fram halsen og legg han fast.

Det er viktig at ein får fast halsen tidleg, gjerne like etter at ein har vinden rett bak, seinare blir det berre tyngre og tyngre.

Høvedsmannen kan hjelpe til med eit tak i luv bras om dei er for seint ute. Bolina må og settast før ein kjem opp på høgste gong igjen.

Å ta ned seglet, Å ta i hop.

Meldinga er *ta i hop* (no passar det bra å ta ned seglet/ seglet **må** ned). Høvedsmannen brasar seglet skjevelt, skautkaren løyser skautet, rykker laust draglauparen og firer seglet. Halskaren sit i halsen, prøver å halde seglet skjevelt og dreg det ned etter framtelna. Kloberer halar i rakketrossa om det trengst, og er det fleir, bergar dei seglet bak, så det ikkje går i sjøen. I sterk vind legg ein seg oppå det, for at det ikkje skal blåse opp att.

Å legge bi

Å legge bi er måtar å få båten til å ligge stille, med seglet oppe. Dette kan vere nyttig i mange situasjonar.

Legge bi med framenden av båten mot vinden:

1. Gå høgste gang. Stram alle taug.
2. Brems ved å gå forsiktig opp i vinden og/eller bras mot for å få litt bakk.
3. Legg roret i le.

Båten skal no gli fram og tilbake med stevnen mot vinden. Seglet er vekselvis fyllt respektivt bakk.

Legge bi med akterstevnen mot vinden:

1. Gå høgste gang. Stram alle taug.
2. Legg roret i le som for å ta stagvending. Båten får bakk og bakker.
3. Når båten har vendt akterenden til

vinden, legg roret over til den sida som no er i le (omleggingen av roret kan ein gjere med ein gong båten tek til å bakke, eller etter at båten har vendt seg).

Båten skal no gli frma og tilbake med akterstevnen mot vinden. Seglet er vekselvis fyllt respektivt bakk.

ROING

Når årene ikkje er i bruk er dei lagt inn i båten. Årer som skal brukast framme i båten skal ligge med åreblad fram. Hammelårene (til bruk i hammelrommet bak i båten) skal ligge med åreblad attover i båten. Mellom ro-økter kan 4 årer ligge med åreblad peikande farmover over svineryggen, og med lomen innunder framtofta.

Når ein skal ro gir høveds beskjed: *Ut med årene/legg i årene*. To personar set seg på den nest-framste tofta. Dei to som skal ro på den framste tofta tar framkvar si åre, stikk åra ut til sides, slepp årebladet ned i vatnet, og gir lommen til den som har sett seg. Så tar han/ho si eiga åre, stikk årebladet ut i vatnet og set seg til for å ro.

Ro!

Ein ror med kroppen, spenner fra med beina, armane er berre som taug mellom skuldrene og åra. I den siste snerten brukar ein armmusklane, og dreg samstundes kroppen opp i sittande stilling. Ein prøver å slappe av i heile kroppen mellom kvart tak.

Kvil / kvil på årene! = Ta åra opp av vatnet

Stryk! = Brems med årebladet i vatnet

Hamle! = Ro attover/skåte

Desse beskjedane kan bli gitt på forskjellig vis under manøvrering av båten, for eksempel: *Ro på styrbord, stryk på babord!*

Godt rodd = Melding om at ein er ferdig med å ro

Legg inn årene! = Legg årene inn i båten

Når årene skal inn, vippar framste roar opp si åre, legg ho fram over svineryggen og stikk lomen innunder framtofta. Så vippar

nest-framste roar opp si åre og legg ho framover i båten. Framste roar tek i mot åra og gjer likeins med ho som med si eiga åre.

FORTØYNING

Ein festar **enden** av tauget på kaia med ein gong. Så kan dei hale og justere ombord.

- Lange taug langsetter båten heiter spring. Akterspringet går fra bak i båten og fram på kaia. Framspringet går fra framme i båten og bakover på kaia. Det er mykje brukt å ha to spring, og eit kort taug rett inn på kaia framme og bak (framtampen og aktertampen må vere lange nok til at båten ikkje blir hengande på fjøre).

ORDLISTE

Brase rundt: dreie seglet rundt med brasane.

Faile av: dreie meir bort (ned) frå vinden.

Fremste: fremste holet til å feste halsen, dersom ein har smett går han i fremsten.

Gå opp: dreie meir (opp) mot vinden.

Halsen: det hjørnet av seglet som til ei kvar tid er fram.

Klo: kause i sideliket som ein krøker seglkroken innpå for å krympe seglet, *trekke ei klo, sette ei klo.*

Kvar med sitt: Melding om at alle må vere på sin rette plass i båten, når båten ikkje toler stort meir vind, eller som eit slags varsko om at det snart kan koma til å skje noko.

Remma (meremma): midterste holet til å feste halsen.

Liket/kvarden: kanten av seglet.

Signat: Talje som ein brukar for å dra ned halsen.

Skjevelt: når seglet blafrar, er levande, når det ikkje er vindkrefter i det.

Søft, å søfte, ta søft (rev): Krympe seglet med å knyte det sammen med søftband (lisser).

Ta i hop: ta ned seglet.

Tolla (metolla): akterste holet til halsen.

Å duve: å dra seglet ned i framkanten.

Å halde i skjevl: halde seglet skjevelt. Når seglet går opp og ned bør halskaren halde det skjevelt så ikkje vinden får makt og det blir lettare å få det opp og ikkje minst ned.

Å sette halsen: å feste halsen til seglstikka framme i eit av dei tre hola.

Å sette, sett....bolina, priaren. Å stramme tauget litt. Kan og vere å sette fast tauget passeleg stramt.

Å sitte i halsen / sitte hos seglet: å sitte på vaterbordet/ripa like bakom der halsen er festa og halde/dra i seglet, i forliket. Dette er for å halde seglet skjevelt (levande), anten medan det går opp eller ned, eller for å minke vindpresset i ei rosse; *ta ut vind, halse båten, live seglet.*

Å stikke, stikk, ...i bolina, priaren, skautet (skjøtet). Å gje ut litt på tauget.

GJENNOMGANG AV SIKKERHETSUTSTYR

Ved starten på ein tur, gå gjennom utstyret, forklar bruken av det, og forklar kven som har ansvaret for å ta hand om kvar enkelt ting i ein naudssituasjon:

Dregg

Dreggen er sikkerhetsutstyr! Hiv ut dreggen ved mann over bord – særleg viss det er mørkt. Vis klargjering for kasting av dreggen.

Redningsflåte

Få flåta på sjøen, men ikke skjær av tauget før alle er ombord. Få ombord ein sterk person som kan hjelpe andre ombord i flåten. Plasser folk i lo først, deretter jamnt langs med veggene. Sjekk at alle er ombord ved å gå gjennom vaktinndelinga. Ikkje skjær av tauget hvis båten ikkje synk. Legg ut drivanker. Ta sjøsjuketablettar. Fortell kva ein skal gjere viss redningsflåta går rundt. Halskaren og framromsmannen har ansvaret for å få flåta på sjøen. Ta med vatn, rakettar, taugkveil og sjokolade i redningsflåta.

Gass: Vær varsam. Steng av gassen på flaska etter bruk.

Redningsvestar

Sjå på korleis ein tar på vestane. Det er ikke krise sjøl om ein ber om at folk tar på seg flytevestane. Tilrår at det er redningsvestar til alle i jolla.

Nødrakettar

Gå gjennom dei enkelte rakett-typane sine spesielle funksjoner. Viss du har ein rakett – ikkje skyt av raketten før du ser ein båt (eller du ellers trur at det er sansynleg at raketten kan bli sett). Viss du har tre rakettar – skyt opp ein først for å fange oppmerksomhet, den neste når du har båt/folk i sikte, den tredje for å dirigere båt ved berging. Avfyr med vinden i ryggen.

Lyskastar: Vis bruk av lyskastaren. 5 blink = oppmerksomhetssignal. Kor mykje straum går med?

Radio: Pass på så radioen ikkje blir blaut. Vår værmeldingsmaskin.

Signalpenn: Vis bruken.

Signalhorn: 5 tut = oppmerksomhetssignal.

Førstehjelpsutstyr: Vis det som er i skrinet. Snakk om mulege problem-situasjonar.

Kasteline: Vis bruken.

Livbøye og livbøyelys
Sleng det ut!

Taug bak båten ved høg fart, dårleg vær, bading.

Naudpeilesendar

Få med den!
Naudpeilesendaren flyt.
Dra ut splinten.
24 timars sendetid.
Sender bare i luften.

VHF-radio

Av/på/volum
1W/25W
Kanalvelger
Kanal 16-knapp
Simplex

Normal oppkalling:

Oppkalling på arbeidskanal (sjå på kanalplanen)
Navn på kallestasjon
Eget navn + kallesignal + kanalnummer

Naud:

Mayday
Eige navn (+ kallesignal)
Posisjon
Naud-type
Ønsket hjelp
Andre opplysninger, for eksempel været

Høvedsmannen har ansvaret for VHFen.

MANN OVERBORD

For å vere budd på at det går an å falle over bord eller havne i vatnet ved kollsegling, så tilrår vi å ha lommelykt eller anna lyskjelde, plystrepipes og balong i lomma slik at ein kan gjere seg synleg i mørkret, gjere seg betre synleg om dagen (viss ein ligg i vatnet kan ein like gjerne bruke tida til å blåse opp balong som til noko anna), og gi lyd.

For dei som er att ombord når ein annan person detter på sjøen:

1. Rop "MANN OVERBORD!". Den som roper held også auge med han som ligg i sjøen. Ikkje mist han av syne! Peik på han heile tida!

2. Ro ned – tenk deg om – ha is i magen!

Hovudregel for vidare handling:

3. Gå høgste gong til du har tilstrekkeleg høgde til at vending under stag (40 sekund + -) fører deg tilbake opp mot han som ligg i vatnet.

4. Gå under stag / evt. over stag viss det er lite vind.

5. Gå opp mot han som ligg i vatnet. Brems opp eller ta i hop ved (og i le for?) han som ligg i vatnet.

6 Tre personar til å løfte han opp i båten.

Det er sjølsagt mange måtar å gjere dette på, men det går ikkje an å lage ei oppskrift som virker utan at det vert utøvd godt sjømanskap.

HYPOTERMI

Med vanlege klede (ull og regnkjede) klarar du deg 20-30 minutt i vatn med ein temperatur på 4 grader. Du kan overleve ein halvtime-time lenger med flytedress. Uansett så er det ganske kort tid ein person som ligg i sjøen klarar å gjere noko sjølv. Ein person som har falt overbord må vi få opp i første forsøk.

Når vi har fått ein person opp av vatnet:

Moderat nedkjølt – personen har ikkje fått den store skjelven. Gi han varm drikke, del kropsvarme, varmt bad.

Nedkjølt - personen har skjelvetokter, er passiv. Ver varsam. Rask oppvarming kan vere farleg.

Medvetslaus – kroppstemperatur 32 gradar eller lågare.

LEIK, ARBEID, TIDTRØYTE

- * Knutar.
- * Øv på å kast taug.
- * Organiser tur på land.
- * Enkle tiltak ombord er bra for stemningen – ta initiativ. Gjer noko for dei andre, f.eks. lag ostesmørbrød, pannekaker ol.
- * Ordne, vask båten.
- * Sjekk riggen for gnag.
- * Lag taklingar der det trengs.
- * Tørk seglet.
- * Rydd i kartkista.
- * Rydd i løftingen.
- * Karstykker: Rundt tofta, klatre i riggen...
- * Les i Den siste viking.
- * Lag spill.
- * Skriv i dagboka.
- * Lag svettehytte.
- * Tenn bål. Sitt og preik.
- * Basse.
- * Dagens spørsmål.
- * Svømmehall.
- * Sang.
- * Fiske.
- * Turplanlegging. Sjå på kart.
- * Navigasjon.
- * Vikeplikt.
- * Bedømme fart og vindstyrke.

